

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 58. Fylke: Nordland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Kjerringøy.
 Emne: Bålbrenning på visse Bygdelag: Os.
 dager i året.
 Oppskr. av: E. Tidemann. Gard: Stranda.
 (adresse): Kjerringøy. G.nr. 46 Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her i bygda er nemninga BAL einerådande.
 2 og 3. Det er det same anten bålet vert brent på visse
 dagar i året eller det er stort eller lite.

Tida.

4. Det har ikkje her i bygda vere skikk å brenna bål
 i julehelga.
 5. Skikken som det her er spurd om er heilt ukjend i
 Nordland.
 6 og 7. Det har ikkje vere skikk å brenna bål i påske=
 helga kerkje morgon eller kveld.
 8. Det einaste bålet det har vere skikk å brenna i di=
 strikta her er Jønsøkbålet. Her i bygda blir det nemnd
 SANKT HANS BÅLET, eller JØNSOKK-BAL.

Eg har ikkje kjennskap til at det har blitt brend bål
 til andre tider, kerkje av året ellet andre tilhøve.
 10. Det som det her er spurd om er ukjend her.
 11,12 og 13 fell bort.
 14,15,16 og 17. Sankt Hans Bålet vart helst brend oppe
 på ein haug som låg slik til at røyken vart sett vidast
 mogleg. Det galdt å få mykje røyk. Kva det skulle vera
 godt for har eg ikkje kjennskap til, kanskje var og er
 det berre ein kappastrid ~~Mellom plassane~~ mellom dei
 ymse plassane.

18. I våre dagar er det mest ungane som strevar med og
 for Sankt Hans Bålet. Men av og til kjem vaksne med
 Det er fritt løyve for alle, så kvinn som vil kann vera
 med, gjenter som gutar, gifte som ugifte.

21. Her i bygda er eit ungdomslag. Skipar det til "Midt=
 sumarfest" så er det på lokalet og då utan bål.

22. Her er kerkje sagbruk eller fabrikkar i bygda her.

23. Her er ikkje nokon tradisjon om korleis bålet skal
 bli bygd opp. Men er der laus stein i nærleiken av der
 bålet skal bli tendt vert det laga som ei gruve. Denne
 vert bygd i sirkelform ikring ei alen i tvermål, men
 ikkje høgare enn kvar stein er tjukk til. Innan denne
 ringen vert kvekjeveden lagt. Han må vera turr med my=
 kje bjørkenøver inn i mellom. Ut over dette vert så
 lagt det som skal gjeva røyk, t.d. tang, lyng, mose og
 liknande. I "gamle" dagar då annan kvar mann hadde sin
 fembøring eller øttring, som måtte bli tjærebrødd vår
 og haust, kunne det vanke ei tom tjæretunne. Ho var stor=
 veges god. Både brann ho godt og gav mykje røyk.

24. Noko visst emne til bålet har det ikkje vere her
 i bygda. Det vart rasska saman kva som for handa låg,

t.d. Eine, lyng, mose, tang og tare o. liknande. Men kunne ein få tak i ei tjæretumma så var ho storveges gjev, for av det emnet vart det storveges mykje røk.

25. Det har aldri vore tale om å laga ymse slag figurar av bålet korkje i kross eller menneskjeskapnad. Emnet vart rauka saman som ei stor høyseta med noko turt i botnen til kvekje.

26. Eg har ikkje kjennskap til at noko av emnet til "Sankt-Hans-Bålet" vart kjøpt. Det har allstøtt vore lite pengar mellom folket i Nordland, og då særleg mellom den yngre luten av ibuararne. I dei siste 20-30 åra er dette brigda i stor mun, men like vel så vert det ikkje i noko høve kjøpt emne til eit bål.

27. Alle - eller så mange som mogleg skulle vera med å sanke saman emne til bålet.

28. Kvar har hatt og framleis har løyve til å ta og sanke saman emne til bålet, men nokon tradisjon om det er her ikkje.

31 - 33. Det har vore, og framleis er, som før sagt, berre miitsumarbålet som vert brend her. Då er her like ljost om natta som om dagen. Det gjelder då mindre om å få loge men meir om å få røyk. Det er røyken som ber bodet, ikkje logen. Såleis var det i 1940 då Bodø vart bomba. Vi her i Kjerringøy såg røyken, men ikkje logen. Heile Landego låg som i skodde, og vi skyna oss til kva som hende.

34. Som før nemnd skulle bålet ryka mest mogleg. Det fekk dei til på den måten at dei la våt eine eller lyng-røsslyngen var god - eller tang på bålet. Hadde dei ei gamal tjæratunne var ho best. Av den vart det mykje og svart røyk som synt seg langt av leid.

~~35. Gneistar eller berr loge var det ikkje tale om.~~

36. Eg har ikkje funne tradisjonar av noko slag knyta til Sankthansbålet.

40. Her hjå oss nemner vi leiken ved sankthansbålet for "sankthansmoro".

41. Kven som ville kunne vera med ved bålet og like eins vera med i leiken. Det galdt berre om ein var ung nok i hugen, så hadde alderen ikkje noko å seia.

42. Kor lenge dei skulle vera ved bålet kom mykje ann på korleis veret var. Var det solskin og varmt vart det ofte festa til både 4 og 5 om morgonen, men var det surver med vestavind og skletta, noko som ofte kunne henda, ja, då fraus dei snart heim og var i senga klokka 11 eller 12 om kvelden. Nokon fast skikk har det ikkje vore i så måte.

43. Var veret godt hadde dei med seg mat og drikke på "sankthanshåjen". Det eldre folk minnest, så har det vore kaffe og mat. Ein eller annan ungdomen kunne vel ha noko sterkare å bjoda på, men det har ikkje vore så mykje at nokon kan nemna det som fast skikk. Matvarene var av det beste heimane kunne bjoda på. Det kunne vera småkaker, lefser med gomme på, eggerøra og liknande. Dei som heime sat koka rjomegraut. Han skulle vera like feit som natta var ljøs.

44. Var det dans eller annan leik gjekk den for seg på ei sletta på sida av bålet, eller sagt på ein annan måte: Bålet vart lagt slik, at det ikkje vart i vegen for leiken. Det var ingen dans rundt bålet. Var veret for surt og kaldt hende det at det vart rigga til "sankthansmoro" t. d. på ein låve. Men då vart det ikkje brend bål.

45, 46. Det har ikkje vore skikk å hoppe over bålet eller springa gjennom røyken. Kva ein gap av eun unggut kunne gjera for å syne at han var kar er ei onnor sak.

47. Eg har ikkje kjennskap til at nokon tok kol med seg frå bålet. Når M leiken var slutt var det å slokke bålet og sikre seg at ingen skade skulle bli gjort.

Skikken i dag.

49 og 50. Etter mi meining har skikken med å brenna bål sankthanseftan halde seg slik i manns minne. Eit er visst det er ingen som no kan nemna om annan skikk.

Kjerringøy i november 1958.

E. Tidemann